



FUGLAVATNET ligg 574 m.o.h.

Elva kjem frå dette vatnet litt lenger framme.

Kva fugl det er som har gitt opphav til namnet, veit vel ingen. Mellom jegerane vart ofte rype nemnd som fugl. «Mykje fugl i år», sa dei om rike rypeår. Det kan ha gitt opphav til namnet.



Fuglavatnet. Alle foto: Olav Tveito

Eit gammalt rettsdokument frå 1757 fortel at brukar på **Tveito** hadde sett opp stølshus (Setterboe) i «fuglevandbotnene».

Sitat: «Torbiør Mickelsdatter Eide, 66 aar gammel, Vandt og forklarede, at tvedtes oppsidder, hafde for meer end 40 aar Siden da hun tiente på gaarden tveten ladet opbygge ene ny Setterboe i fuglevandbotnene».

Ingen veit i dag kvar dette selet stod, men det stod truleg innom vatnet. Denne stølen har neppe vore så lenge i bruk sidan me ikkje har andre kjelder eller viste å visa til. Same dokumentet nemner og hogging av tømmer og flekking av never i området.

Då dei bygde sag og småkraftverk på Kjerland tidleg på 1900 -talet, vart både Fuglevatnet og Måvatnet oppdemde. Sidan baroniet i Rosendal då eigde bruka på Tveito, måtte baroniet gje løyve til oppdemminga. Brukarane på Tveito (dei som bygsla jorda) hadde ikkje innvendingar. Byggjeløyve vart ordna, men baroniet meinte det kunne gå ut over beiteressursane sjølv om hevinga av vass-standen var liten. Den tid hadde beitet større verdi.

Det er best å kryssa elva her ved Øvsta Vaet om du skal til **Middagsvarden** eller **Skaret**. Du kan og gå vegen på venstre sida av elva og vatnet innover frå turkassa. Ved stor elv kan det vera lettare og tryggare å kryssa elva i inste enden av vatnet.

GOD TUR!

Granvin turlag

Kjelde: «Olav Tveito, lokalkjend».

